

DET Å REISE, DET Å BLI
TRAVELLING AND REMAINING

Lydvandring Ultima 2023- Gyrid Nordal Kaldestad

- GPS-basert lydvandring på og rundt Akershus Festning.
- Mitt hovudmål med vandringa er å få folk til å løfte blikket utover og oppover medan dei går og når dei stoppar opp i dei ulike «tekstsonene»
- Lydbildet vil veksle mellom at eg les tekstar (som er skrive spesielt til og om dei stadene ein ser på frå dei ulike stoppestadene) stiller/svarer på nokre spørsmål eg har laga, som er meir knytt til det å reise, til minner og til lyd, og ein liten ballade/song jeg skal nynne over eit akkompagnement mellom de ulike punkta/sonene med tekst og instruksjoner om hvor du skal gå videre. Songen blir som ein slags vandresong, og ein kontrast til dei meir poetiske tekstane. Instruksjonane blir meir flyvertinneaktige og informative. Jeg skal lese på norsk/ Stord-dialekt (og tenkjer å lage ein engelsk versjon også, dersom tida tillet det).

SPØRSMÅL

- Eg har laga tre par med spørsmål knytt til tematikken om det å reise og det å bli som eg har starta å sende ut til ulike folk. Svare deira blir ein del av lydbildet, og det er opp til dei som svarar om dei vil gjere dette muntleg (med lydopptak som dei sender meg, gjort med telefon, låg terskel), eller skriftleg.
- Spørsmål og svar blir fletta inn i tekstane og brukt på litt ulike måtar gjennom vandringa.
- Spørsmåla er inspirert av boka Questionnaire av Max Frisch, som eg elles anbefaler å lese!

Norsk

Spørjeskjema 1

- 1.Ser du for deg eit landskap når du lukkar augo? Kan du beskrive dette landskapet med eitt eller fleire ord, eventuelt ei setning?
- 2.Er det ein særskilt lyd du assosierer med dette landskapet?

Spørjeskjema 2

- 1.Er det ein stad du alltid vender tilbake til, fysisk eller i tanken?
- 2.Kan du beskrive denne staden med eitt eller fleire ord, eventuelt ei setning?

Spørjeskjema 3

- 1.Er det ein stad du kunne tenke deg å reise til, som akkurat no kjennes umogleg eller uopnåelig?
- 2.Korleis ville det være for deg om du aldri kunne reise?

Engelsk

Questionnaire 1

1. Do you imagine a landscape when you close your eyes? Can you describe this landscape in one or more words or a sentence?
2. Is there a particular sound you associate with this landscape?

Questionnaire 2

1. Is there a place you always return to, physically or in thought?
2. Can you describe this place in one or more words or a sentence?

Questionnaire 3

- 1.Is there a place you would like to travel to, which right now feels impossible or unattainable?
2. What would it be like for you if you could never travel?

Tekstane i installasjonen er inspirert av Oslo og av Marte Huke sine tekstar- ho er biveileder på min kunstnariske phd saman med Øyvind Brandstegg(hovedveileder) frå NTNU og christian Blom (biveileder). her er eit sitat av henne frå eitt av dikta i hennar siste bok LOS som er veldig beskrivnde

Jeg skriver ikke for å finne meg selv.

Jeg skriver for å finne fram i verden.



NOKO AV DET FINASTE
MED LYDVANDRINGAR
SOM DETTE, ER AT EIN
SER TING EIN ALDRI FØR
HAR SETT. SOM DENNE
TRAPPA...



OG ALLE
STEINSORTANE
SOM ER BRUKT I
DENNE VEGGEN...



OG AT LYKTENE
HAR EI LITA
GULLKRONE PÅ
TOPPEN...

- Eg skal vandre saman med Thom og Christian frå Notam den 11.mai kl13 (før Ultima sitt rådsmøte), om det er interesse for å knipse litt under arbeid- i -prosess.
- Skal nok også tilbake i juni ein gong for å jobbe litt. Og Juli 😊